



## REFERAT - PROSJEKTGRUPPA 16.05.2019

Telefon- / videomøte kl 9:30 - 10

### Deltakrar:

|                |   |
|----------------|---|
| Bremanger      | Bjørn-Henry Marthinussen                                  |
| Vågsøy         | Juan Diaz   |
| Hornindal      | Ståle Hatlelid  |
| Eid og Selje   | Stanislawa Voldsund (kontakt med koordinator etter møtet) |
| Fylkeskommunen | Staffan Hjohlman, vassområdekoordinator                   |

Oppfølging av møte i prosjektgruppa 10. mai, der tema var:

- høyring av planprogram og hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion og Nordfjord vassområde
- orientering av folkevalde

Hornindal kommune (Ståle): Har diskutert med ordføraren om orientering av folkevalde. Det er ønskeleg meg orientering for noverande kommunestyre, før samanslåing med Volda. Førslår orientering i kommunestyret 6. juni kl 15. Tidspunktet vart stadfesta av Staffan.

Vågsøy kommune (Juan): Har vore i kontakt med rådmannen som ønsker orientering om vassforskrifta og vassforvaltningsarbeidet i kommunestyret. Staffan tilbyr seg å halde orientering i juni eller etter 12. august, etter nærare avtale. Kommunen vil ikkje gi høyringsinnspel.

Bremanger (Bjørn Henry): Har avklart med rådmannen at det er ønskeleg med orientering for nyvalde politikarar i oktober.

Eid kommune (Stanislawa): Deltok ikkje i møtet på grunn av tekniske problem. Staffan ringde opp etter møtet og fekk avklart at Eid kommune vil ha orientering av nyvalde politikarar i Stad kommune etter kommunevalet i haust. Stanislawa oppfordra om å sende invitasjon til høyringskonferansen 23. mai med e-post direkte til dei politisk valde representantane for kommunane i vassområdeutvalet og vassregionutvalet. Det er dei som har mynde til å gjere vedtak om tiltak, lokale forskrifter med meir, og det er difor viktig at dei er orienterte om vassforvaltningsarbeidet. Postmottaka har ikkje nødvendigvis oversikt over kven som er medlem, difor direkte e-post til kvar enkelt representant. Staffan har i ettertid fått stadfesta frå fylkeskommunen at invitasjonen er sendt direkte til alle representantane med epost.

Staffan Hjohlman  
ref.